

---

**Fra:** Nina Søvik Mjømen <nina@arkoconsult.no>  
**Sendt:** 4. januar 2017 14:58  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** arvid rikstad  
**Emne:** Merknad til manglar ved søknad om løyve til tiltak ved Gbnr. 123/145

Hei,

Etter telefonsamtale med Linda Folkestad i teknisk avdeling i Lindås kommune har fylgjande kome fram, som vi på vegne av Bolig & Eiendom AS ynskjer å kome med merknadar til:

- 1) Søknad om dispensasjon frå byggegrense har ikkje medfylgjande skjema «søknad om dispensasjon frå byggegrense»
- 2) Søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentlege leidningar nyttar ikkje riktig heimel.

1)

Vi meiner for det fyrste at det ikkje er formkrav til dispensasjonssøknadar. Det fylgjer av Pbl. § 19-1 at «*Dispensasjon krever grunnlagt søknad.*»

I tilfellet her er dispensasjonssøknaden både skriftleg og grunngeven. I tillegg kjem alle opplysningar som kravd i søknadsskjema fram av søknaden og det er såleis ikkje noko grunnlag for å krevje eige skjema. Vi skjønner likevel at det kan vere praktisk for kommunen med eit slikt skjema og vi skal derfor ettersende dette saman med teikningar så snart som råd.

For det andre stiller vi oss uforståande til at avdeling for teknisk drift handsamar søknad om dispensasjon. Det fylgjer av § 29 første ledd, første punktum at «*Langs offentlig veg<sup>1</sup> skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova,<sup>2</sup> dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven.<sup>3</sup>*»

Gbnr. 123/145 er regulert av reguleringsplan for Bustadområde på Rissundet (1263-28091977). I denne er det teikna inn juridisk bindande byggegrense mot veg. Rett mynde til å handsame dispensasjonssøknad er då plan- og bygningsmyndighetene jf. Pbl. § 1-4. Det fylgjer vidare av § 1-4 «*Plan- og bygningsmyndighetene skal samarbeide med andre offentlige myndigheter som har interesse i saker etter plan- og bygningsloven og innhente uttalelse i spørsmål som høyrer under vedkommende myndighets saksområde.*» Det fylgjer også av Pbl. § 19-1 siste punktum at «*Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer(...)*»

Slik vi ser det har teknisk drift moglegheit til å uttale seg i samband med handsaming av dispensasjonssøknaden, på lik linje som Statens vegvesen ved byggegrense mot fylkesveg, dei skal likevel ikkje stå for sjølve handsaminga.

Dette må ein også kunne tolke ut i frå kommunen sitt eige skjema, der det står skrive at i område med reguleringsplan skal dispensasjonssøknad handsamast av byggesak.

Kanskje har vi misforstått, og saka kun er til uttale hos teknisk drift. Men dersom det er riktig at teknisk no handsamar søknad om dispensasjon vil vi gjerne ha ei forklaring på kvifor.

2)

Det er ikkje nytta riktig heimel her, då vi ikkje har funne kvar 4-meters regel mot VA-leidningar er heimla. Vi har tidlegare kun høyrte om denne på tlf. frå teknisk avdeling i kommunen, men har no fått opplyst at denne finns i Standard for abonnementsvilkår for VA- teknisk og administrative føreseger

pkt. 3.4. Vi vart og opplyst om at tilgang til dette regelverket kan ein kun få dersom ein betaler for det.

Vi meiner at det strid mot grunnleggande rettstryggleiksprinsipp å krevje betaling for å få utlevert reglar ein er pliktig å fylgje. Regelen får konsekvensar for heimelshavar til Gbnr. 123/145, men det vil vere umogleg å føresjå si rettsstilling når regelverket ikkje er ålment, og fritt, tilgjengeleg. Her kan ein vise parallellar til lov og forskrift som er tilgjengeleg utan avgift på Lovdata.

Hovudregelen er etter offl. § 8 fyrste ledd, gratis innsyn. Åtgangen til å ta betalt for innsyn ein har krav på er regulert i forskrift til offentleglova § 4 fyrste ledd:

*«Det kan krevjast betaling for innsyn i form av vanlege avskrifter, utskrifter eller kopiar til papir, og for utsendinga, når talet overstig hundre ark i A4-format i éi sak. I slike tilfelle kan organet krevje éi krone per ark utover hundre og betaling for kostnadene for heile utsendinga (porto). Dersom same person krev innsyn fleire gonger i same sak kan det takast omsyn til det ved vurderinga opp mot grensa etter fyrste punktum, dersom dei dokumenta som det blir kravd innsyn i låg føre da eit tidlegare innsynskrav vart framsett.»*

Vidare fylgjer det av andre ledd fjerde punktum:

*«Det kan **ikkje** krevjast betaling når dokument som alt er tilgjengeleg i elektronisk versjon blir sendt som elektronisk post.»* (mi utheving)

Vi går ut i frå at reglane er lagra elektronisk og kan sendast elektronisk. Vi kan dermed ikkje sjå at det er grunnlag for å krevje betaling for å få tilsendt desse. Vi ber derfor om å få tilsendt kopi av Standard for abonnementsvilkår for VA- teknisk og administrative føresegner, slik at vi kan utforme dispensasjonssøknad i tråd med krav frå teknisk avdeling.

Med vennlig hilsen/Best Regards

**Nina Søvik Mjømen**  
**Jurist, Byggesak**

Direkte: +47 99245581 | Felles: +47 56390003

Fax: +47 56191130

Epost: [nina@arkoconsult.no](mailto:nina@arkoconsult.no)



**Hovedkontor - Valestrandsfossen:**

**Arkoconsult AS**

Postboks 103, HTB-bygget

5291 Valestrandsfossen | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

**Avdelingskontor - Voss**

**Arkoconsult AS**

Strandavegen 2

5705 Voss | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.